

### Bakgrunn

Plantesjukdomen pærebrann (*Erwinia amylovora*) har blitt påvist i 60 kommunar i fylka Agder, Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal sidan den blei funne for første gong i Noreg i Rogaland i 1986.

"Nedkjemping av pærebrann" er eit arbeid som går ut på å fjerne smitte av pærebrann ved å rydde vekk smitta vertsplanter og fjerne utsette vertsplanter i definerte område. Ryddinga går føre seg i hovudsak på privat grunn i mange av kystkommunane på Sør- og Vestlandet.

I samsvar med [Forskrift om planter og tiltak mot planteskadegjerarar](#), er pærebrann ein karanteneskadegjerar, som skal nedkjempast. Tiltaka som gjerast er heimla i [Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. \(matlova\)](#) og den nemnde forskrifa.

[Forskrift om tiltak mot pærebrann \(\*Erwinia amylovora\*\)](#) blei fastsett 8. januar 2020, og definerer pærebrannsone, nedkjempingssone og førebyggjande sone. I nedkjempingssonen og førebyggjande sone går aktiv rydding av vertsplanter føre seg, medan det i pærebrannsona berre ryddast i nærleiken av planteprodusentar.

### Behov: Nedkjemping av pærebrann

Anskaffinga gjeld inngåing av rammeavtale om rydding, jamfør beskriving av oppdraget sin art nedanfor. Arbeidet går ut på å fjerne dei mest mottakelege vertsplantene (bulke- og pilemispel) for pærebrann på privat grunn, i hovudsak i kommunar frå Møre og Romsdal i nord til Agder i sør.

### Oppdraget si art

- Informere publikum om rydding i eit område (standardinformasjon utarbeidd av Mattilsynet)
- Finne/påvise bulke- og pilemispel
- Varsle eigar av eigedom som får fjerna vertsplanter
- Merke vertsplanter
- Fjerne lett-mottakelege vertsplanter, ved basis med motorsag/handsaks
- Fjerne greiner og avfall frå hagane, på ein skånsam måte for eigar og publikum
- Knuse/male opp greinmassane
- Påføre egna plantevernmiddel på snittflater for å hindre ny spiring
- Deponere opp knuste greinmassar
- Verksemder som fjerner vertsplanter for pærebrann, jamfør §5 i [Forskrift om tiltak mot pærebrann \(\*Erwinia amylovora\*\)](#) samt vedlegg 2 om bakteriar, punkt 3 i Forskrift om plantehelse, skal sjå til at maskiner og utstyr blir vaska og desinfisert ved behov for å hindre smittespreiing.

### Ryddeområde

Mattilsynet ønskjer tilbod for rydding i følgjande kontrollområder (fylke):

1. Agder
2. Rogaland
3. Vestland

#### 4. Møre og Romsdal

For oversikt over kva områder som hører til de ulike kontrollområdene (fylka) viser vi til [Forskrift om tiltak mot pærebrann \(\*Erwinia amylovora\*\)](#).

Leverandørar kan levere tilbod på alle områda 1-4 eller på eitt eller fleire av områda i punktet. Tilboden må dekke alle områda i det/dei kontrollområda (fylka) som det gis tilbod på. Mattilsynet har rett til å inngå kontrakt med ein leverandør for alle fylka eller fleire leverandørar for eit eller fleire fylke.

Det kan og bli aktuelt med rydding andre stader enn dei som er nemnde. Rammeavtalene skal og kunna nyttast ved eventuelle utbrot andre stader i landet. Smittesituasjonen vil avgjere det totale omfanget, og det er Mattilsynet som til ein kvar tid avgjer ryddeomfanget.

#### **Tidspunkt for arbeidet**

Ryddearbeidet går normalt føre seg frå mai til desember kvart år. Tidsforbruket er avhengig av kor mange som blir satt på oppgåva og vêrtihøve. Det er viktig for Mattilsynet at leverandørane kan stille så raskt som mogleg når smitte er påvist og det er behov for bistand.